



Referat frå møte i Samarbeidsutvalet/skulemiljøutvalet 19.10.21

Til stades: Beate Bondevik Lie (politisk vald), Øyvind Oksnes (FAU), Kurt Norheim(FAU), Ingvild Midtun Kjos (FAU), Jonas Fredheim Aardal(elevrådsrepr.), Sonja Rutledal (lærartilsett), Katrin L. Nes (lærartilsett), Mette Alme (andre tilsette) og Hilde Holte Selland (rektor).

Forfall: Ole Sebastian Nesvoll Orrestad(elevrådsrepr.)

Sak 1 - 2021/22: Velkommen som SU/SMU-medlem

-Presentasjonsrunde

Sak 2 - 2021/22: Konstituering

-Leiar: Beate Bondevik Lie
-Nestleiar: Øyvind Oksnes
-Sekretær: Hilde Holte Selland

Sak 3 – 2021/22: Utkast til møteplan

- 19. okt. 2021, 1. feb. 2022, 31. mai 2022
- FAU ynskjer å utvide til eit møte til pr. år.

Vedtak: Viss det oppstår behov for fleire møter er det høve til å kalle inn digitalt eller fysisk.

Sak 4 – 2021/22: Skuleåret 2021/22

- Handlingsplan for trygt og godt skulemiljø. Små endringar frå førre skuleår.
- Godkjenning av ordensreglementet, godkjent!
- Godkjenning av mobilreglementet, godkjent! Viktig at vakter blir minna på dei mobilfrie sonene(utefriminutta)

Sak 5 - 2021/22: Trafikktryggleik - skuleveg

FAU og skule informerte om Trygg trafikk og få opprette Hjartesone. Skulen sender ut ei Formsundersøking til heimane for å kartlegge trygg skuleveg. Me ynskjer innspel på tiltak frå foreldre. På neste FAU møte ser ein på oppsummeringa av kartlegginga og planlegg prosessen vidare. Viss det er tiltak ein ynskjer å melde inn til kommunen for neste år, bør det inn i budsjettprosessen i god tid før budsjettmøtet i desember. 1. feb. 2022 er det søknadsfrist for trafikktryggingmidlar. Planen for å søkje Trygg Trafikk om Hjartesone blir teken opp att til våren.

Sak 6 – 2021/22: Statusrapport

Elevrådet: har diskutert om ein kan få til fysisk aktivitetsfriminutt kl. 10.00 – 10.20, med forlenga friminutt til kl. 10.30, tre gonger i veka. Andre saker er ynskje om trampoline ute, trampoline som er gravd ned- lik den som er i Sogndal. Elevrådet har òg drøfta bruk av caps inne og om ein kan bruke tyggis i skuletida.

FAU: mykje av tida har gått til å opprette Vipps for alle klassar og no er det i boks. Andre saker er trafikktrygging på land og på vatn. Spørsmål om mellomtrinnet kan bruke Vipps når dei kjøper pizza? Ungdomsklubb i «Husmorskulebygget», kva er stoda? Synfaring der ungdomsskuleelevar og FAU repr. kan delta. Hilde tek kontakt med oppvekstsjefen.

**Sak 7 – 2021/22: Orienteringssaker**

- Utlånsavtale for skulePC/elevPC er klar. Skulen har PC'ar disponible til utlån heim ved behov.
- Naust og området rundt: Ernst Rune Melheim har ansvaret som entreprenør. Bygget skal vere ferdigstilt før jul. Brygge og rampe til våren.
- UngData presentasjon 4. nov. i Gaupne. Representantar frå tilsette på skulen, elevar og ein FAU repr. deltek.
- Gjennomføring av Elevundersøking 2021 blir i løpet av veke 43 – 47
- Foreldremøter: alle klassane har hatt klasseforeldremøter og det har vore to temamøter.

Sak 8 – 2021/22: Orientering om «husmorskulen» og prosessen med gapahuk/lavvo.

Prosjekt barnehage i husmorskulen går sin gang. Arkitektfirma er valgt og prosessen med byggjemøter har starta. Planen er å opne den nye barnehagen hausten 2023. Når det gjeld gapahuk/lavvo så er arbeidet kome godt i gong. Plata er støpt og bygginga skal starte i næraste framtid. Leiar i bygdalaget er flink til å informere om framdrifta.

Samarbeidsutvalet ynskjer å vite om det er ein plan for naust og riving av garasjen. Rektor skal undersøke det.

Hafslo, 05.11.21
Hilde Holte Selland
-rektor-